

**Sakshandsamar:**

Ágúst Magnússon

E-post: Agust.Magnusson@sfj.no

Tlf: 57 72 18 88

Vår ref.

Sak nr.: 09/2742-9

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

13294/10

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 05.05.2010

Til høyringsinstansane

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeida utkast til *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane, 2011-2014*. Planarbeidet har vore leia av Fylkesdirektøren med Fylkesbiblioteket som sekretariat. Det har vore ei prosjektgruppa knytt til arbeidet med deltaking frå Kommunens Sentralforbund, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet og Kulturavdelinga.

Hovudval for kultur gjorde følgjande vedtak 21. april 2010:

1. Utkast til Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane vert lagt ut til høyring
2. Frist for høyring vert sett til 01.09.2010

Vedlagt følgjer eit eksemplar av høyringsdokumentet, samt nokre vedlegg med bibliotekstatistikk frå 2008. Treng ein fleire eksemplar kan desse lastast ned frå fylkeskommunen si heimesida, Fylkesbiblioteket.

Planen skal slutthandsamast hausten 2010.

Sentralt i bibliotekutviklinga framover vil vera:

- Fylkesbiblioteket si rolle og oppgåver
- Fagleg og organisatorisk utvikling av bibliotekenestene i kommunane
- Utviklinga av biblioteka som sosiale og kulturelle møteplassar

Inndeling i målområde i plandokumentet samsvarar med ”*Bibliotekreform 2014*” ei utgreiing frå ABM-utvikling, mens mykje av innhaldet samsvarar med føringar som Kulturstrategien for Sogn og Fjordane og St.meld.nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i digital tid* gir for det samla bibliotekområdet.

Fylkeskommunen inviterar med dette høyringsinstansane på fritt grunnlag å kommentera alle delar av planutkastet, men ynskjer særleg synspunkt på:

- visjon for bibliotekutviklinga i fylket
- korleis fylkeskommunen best kan utøva rolla si som utviklingsaktør innan bibliotekområdet



- korleis bidra til at kommunane i større grad kan samarbeida for å gi best moglege bibliotektenester til innbyggjarane

I tillegg til høringa, legg fylkesdirektøren opp til å nytte regionråda som arena for informasjon og drøfting i høyringsperioden.

Høyringsfrist er satt til 1. september 2010.

Høyringsuttalene vert å senda til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger og elektronisk til postmottak.sentraladm@sfj.no. Innkomne høyringsuttaler vil verta lagde ut på fylkeskommunen si heimeside

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
fylkesdirektør

Ágúst Magnússon
fylkesbiblioteksjef

Vedlegg:

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane
Bibliotekstatistikk

Mottakar (ar)

Til høyringsinstansane

Kopi til: Hovudutval for kultur sine medlemmar